



Kommunane i Hordland

Dato: 18.11.2015  
Vår ref.: 2014/20396-73  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Ny søknadsfrist for midlar til arbeid med kartlegging og verdsetting av friluftsområder

*Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* er eit nasjonalt prosjekt forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og Regional kulturplan (2015-2025). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vil vere ein føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til friluftsområder. Arbeidet skal kvalitetssikrast med hjelp av rettleiar M98-2013 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* frå Miljødirektoratet.

Føremålet med kartlegginga er å få oversyn og tydeleggjere friluftslivsareala i kommunen, og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftsinformasjon i kommunen og for eksterne partar. Gjennomføring av arbeidet vil mellom anna generere nyttig bakgrunnsinformasjon for sakshandsaming og planarbeid. Hordaland har mange flotte friluftsområder, og for mange innbyggjarar er friluftsliv ein viktig del av kvardagen. Kommunane treng god kunnskap om bruken av områda, for å kunne ta vare på areal for friluftsliv og sikre at dagens og framtidige innbyggjarar kan drive helsefremmande og trivselsskapande friluftsliv i nærmiljø og naturen elles. Kunnskap om friluftsliv vil og vere viktig for kommunen når det gjeld prioritering av ressursbruk, tilrettelegging og motivering til friluftslivsaktivitet. I tillegg vil kartlegginga danne eit godt grunnlag for søknader om spillemidlar og sikringsmidlar.

Arbeidet vart starta i Hordaland i 2014, og no er 16 kommunar i gong med kartleggingsarbeidet. Miljødirektoratet har lyst ut midlar til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder for 2016 med ei ramme på 7 millionar kroner. Kommunar kan få tildelt inntil kr. 60.000 til sjølve kartlegging og verdsetting av friluftsområder og kr 30.000 til å digitalisere data og konvertering til SOSI- standard og overføre dei til naturbase.no. Søknadsfrist for kommunane om midlar for 2016 er 15. februar 2016 til Hordaland fylkeskommune.

## **Ressursbruk og arbeidsdeling**

Erfaringar frå kommunane i Nordland tilseie at arbeidsinnsatsen frå administrasjonen og deltakarar i arbeidsgruppa utgjorde til saman om lag 3-4 vekeverk. I tillegg kan det eventuelt kome nokon avgrensa møte- og reisekostnader i samband med arbeidsgruppa. Arbeidsinnsatsen utgjør eigeninnsatsen for kommunen. Kostnader i samband med koordinering, prosjektleiing, digitalisering av materialen og ferdigstilling av kartfil (SOSI-fil) vert dekt inn av midlar frå Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet.

### *Prosjekteigar:*

Kommunen står sjølv som prosjekteigar, og det er dei som gjennomfører kartlegginga. Det er kommunen som eig datagrunnlaget og er einaste instans som kan oppdatere data frå kartlegginga. Arbeidet bør forankrast politisk gjennom ei oppstartsvedtak /melding til kommunestyret i forkant av kartlegginga og ein rapport når kartlegginga er ferdigstilt. Vedlagt er forslag til oppstartssak til kommunestyret.

### *Lokal prosjektleiar:*

Arbeidet i den enkelte kommune vert leia av ein lokal prosjektleiar. Lokal prosjektleiar har ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med rettleiar M98-2013, og oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe. Friluftsråda kan vere ein aktuell aktør i rolla som lokal prosjektleiar i dei kommunane som ønskjer bistand. Midlane kan i desse høva overførast direkte til friluftsråda. Fleire av kommunane i Hordaland har valt denne modellen.

### *Prosjektkoordinator:*

Fylkeskommunen har rolla som prosjektkoordinator og skal motivere kommunane til igangsetting, gje fagleg oppfølging undervegs, sikre erfaringsutveksling mellom kommunar, bidra med malar og rasjonalisere arbeidet.

Prosjektkoordinator: Eirik Knive, Hordaland Fylkeskommune

### *GIS-koordinator:*

GIS-koordinator kan hjelpe kommunane med digitalisering og kvalitetssikring av innkomne data, og med å klargjere data for utlegging på nett (kartdata skal leverast i SOSI-format).

GIS-koordinator: Torbjørn Eidsheim Bøe, Hordaland Fylkeskommune

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Eirik Knive  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*